

## Saksprotokoll i klagenemnda - 08.12.2020

**Boris Groth, FrP**, sette fram slikt forslag:

«Klagen vert teken til følgje.

Grunngjeving:

- Omsynet til at næringsdrivande kan klare seg i denne bransjen, samstundes som omsynet til trafikantane på fortauet er ivareteke.
- Det er mogeleg å oppretthalde 4 meter breidde på fortauet til dei gåande.
- Det er nok areal på fortauet både til gåande og til uteservering.»

### **Avrøysting**

Forslaget til Groth fekk 2 røyster ( Frp og MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 5 røyster ( H, A, SV og FNB) og vart vedteke.

### **Vedtak**

Klage frå Advokatfirmaet Harris AS/advokat Nergaard over Infrastruktur og veg, forvaltning og utgreiing Bergensområdet sitt vedtak av 29.05.2020, leige av offentleg areal til uteservering, Torget 7 servering AS/Metz- gnr. 166 bnr. 456, langs fv.577, vert ikkje teken til følgje.